



Skuleåret 2025/2026

SU, Orre skule


Dato: 26.10.2025

Deltakarar: Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Rakel Lima Fjelltvedt (FAU), Mari Hatteland (FAU), Karen Marie Vold (rep.pedagogar skule), Lise Samuelsen (rep.fagarbeidarar/miljøpersonell skule) og Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland (rep. Kommunestyret).

Fråfall:

Saksliste:


Sak	Referat	Ansvar
Sak 3 25 - 26	Årshjul for møter: Møte 3: 18.02.26, 19.00 – 20.00. Møte 4: 27.05.26 , 19.00 – 20.00.	Rektor
Sak 4 25 – 26	Status skule og opplæring – trygt og godt skulemiljø Pedagogar: Skulen har hatt ein litt krevjande periode sidan førre møtet, med fråvær i ei tid som tradisjonelt er travel og krevjande for lærarane. Situasjonen opplevast no som på veg opp igjen. Personalet har fullført ein <i>lesson study</i> -syklus og manglar berre gallerivandringa. Det har vore positivt å forske på eigen praksis og utvikle undervisinga saman. Personalet ser òg fram til julebordet i helga, der mange vil delta. Miljøpersonell: Sidan førre møte har perioden vore travel, slik han ofte er mellom haustferien og jul. Det har vore ein del fråvær – mest planlagt, men likevel merkbart. Elevrådet har delteke på BUK og starta arbeidet med inkluderingsplakaten som skal brukast både	Karen Marie Vold Lise Samuelsen



Med blick for alle




	på skulen og presenterast på neste BUK-møte. Arbeidet held fram etter jul. Elevrådet er òg i gang med audition til <i>OrreTalenter</i> , med dagleg audition i matfriminutta over to veker, før finalen dagen før juleferien.	
Sak 5 25 – 26	Status skule og opplæring – skule/heim Det har vore ein god start på skuleåret. Ein opplever eit godt samarbeid mellom skule og heim. Borna fortel om mykje kjekt som skjer på skulen. Foreldra på første trinn har vore spente. Inntrykket er positivt, men det er òg ei stor overgang frå barnehagen. Det varierer kor mykje tid familiane brukar på lekser. Arbeidet i FAU fungerer svært godt.	FAU
Sak 7 25 - 26	Status skule og opplæring – trygt og godt skulemiljø - God stemning og atmosfære i elevgruppa - Det er noko forskjell på småtrinn og mellomtrinn. Meir uro og språkbruk på mellomtrinnet. - <i>OrreTalenter</i> pågår. Elevrådet som arrangerer. - Fortsatt godt arbeidsmiljø, sjølv om hausten har vore travel og det har vore meir utfordrande enn fjoråret. - Lavt sjukefråvær - Gabriel Croswell er inne som lærervikar. Fungerer veldig godt. Utdanna lærer. - Skulen har god økonomistyring - Skulen lyser ut en lærarstilling nå, 100% fast. - Skolesjefstillinga er ledig. Det blir spanande å sjå kven ny skulesjef i Klepp blir.	Rektor






	Lyd og lysforhold er utbetra i klasserom 22 – og 68-bygg. Mykje betre akustikk no. Oppmoding til foreldre: Det er ønskeleg at foreldre gir tilbakemeldingar – både positive og negative. Dersom ein er nøgd, er det hyggeleg om ein sender ei melding og formidlar dette til læraren.	
Sak 8 25 – 26	Frå politisk representant Rettelse til førre referat: <i>Kleppe</i> og Orstad skule blir hovudprioritet, ikkje Bore, som sto i førre referat. Det blir no jobba med budsjettet på rådhuset, i samband med HUP. Skulebruksplanen skal diskuterast i morgon, og skulekrinsane skal òg takast opp. Klepp kommune er ein av kommunane i Noreg som ligg på «grøne tal». Det er kjekt å høyre elevane sine innspel i BUK, og det kjem snart ei gladnyheit.	Vegard Bjøberg Snoksrud- Stokland
Sak 10 25 - 26	Ny Utviklingsplan Orre skule 2025 – 2028 Link: Utviklingsplan 2025-2028	Rektor
Sak 11 25 – 26	Nasjonale prøver – resultat og oppfølging Det er viktig at alle får ei positiv oppleving under gjennomføringa, og i år har ein fått tilbakemelding om at dette var tilfelle. Det er svært interessant å sjå kva elevane meistarar, og kva dei ikkje får til enno. Orre er best av alle barneskulane i Klepp i engelsk og rekning. Skulen har sett i gang arbeid for å betre resultatata i lesing. Målet er jamne resultat	Rektor Rep.pedagogar





	som peikar oppover. Skulen brukar resultata aktivt og jobbar med tiltak på alle nivå – i utviklingsgruppa, blant personalet, i elevrådet og i klassane	
Sak 12 25 – 26	Skulerute 26/27 og 27/28 Høyring Utdanningsforbundet Klepp har levert eige ynskje om oppstart på ein torsdag. FAU har valt å ikkje uttale seg. SU er samde i at det er brått å starte ein måndag, og meiner det er betre å starte ein torsdag.	SU
	Eventuelt/anna	

Referent: Karen Marie Vold



Med blick for alle